



Naustdal, 02.06.23

Til Klubben.no

## Søknad på Klubbens aktivitetsstipend

Elevråd 5-7 ved Naustdal skule arbeider for å skape eit godt skulemiljø med positiv aktivitet i elevgruppa. Vi ynskjer at elevane skal ha fleire gode alternativ til aktivitetar når dei er ute. Gjennom arbeidet i elevrådet har det mellom anna kome fram at elevane ynskjer seg ulike spelaktivitetar ute. Slike aktivitetar kan også vere til nytte i fagleg samanheng.

Sjakk er ein aktivitet som engasjerer mange elevar på skulen. Vi har sett på nettsidene dykkar at de har både asfalmaling av sjakkbrett og sjakkbrikker til utebruk. Det er dette vi ynskjer å nytte pengane på dersom vi skulle bli tildelt aktivitetsstipendet til ein verdi av 20 000 kr. Vi ser at den totale kostnaden vil kome noko over denne summen, men då vil elevrådet betale den resterande summen frå sin konto.

Vi søker med dette på dykkar aktivitetsstipend til ein verdi av 20 000 kr.

Vi håpar på positivt svar og ser fram til å høyre frå dykk.

Beste helsing

styret i elevråd 5-7 v/Naustdal skule

*Emily J Fauske*

Emily Jensen Fauske  
*leiar*

*Kristoffer h. fitje*

Kristoffer Hylland Fitje  
*nestleiar*

*Nora Taule Leikanger*

Nora Taule Leikanger  
*referent*